

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Tysdag 06.05.25 kl.18.00-20.00

Sted: Bryne skule, møterom

Til stades: Marlen Erga-Frøyland, Kay Even Siqveland, Berit Hetland Nersten, Toril Øgreid, Thomas Rake, Jarl Ove Frivold, Magda Line

Meldt forfall: Jone Siqveland

Sakar:

Informasjon frå rektor

12/25 Symjing 3. og 4.trinn

Plan for symjeopplæringa no når basseng er stengd? Me etterlyser plan for alternativ for symjeopplæringa. Har kommunen/skulen undersøkt andre alternativ? Korleis sikrer ein at elevane når kompetansemåla etter 4.trinn? Informasjon ut til foreldra på 3. og 4.trinn er nødvendig.

Kontakt med Time kommune: dei har arbeidd med alternative løysingar, men ikkje funnet eit alternativ for 3. og 4.trinn.

FAU oppfordrer skulen/kommunen til å gå ut med informasjon til foreldra om kva for nokre alternativ som er vurdert og vurderinga som ligg til grunn, samt planen for symjing vidare. Foreldra på Bryne skule treng informasjon.

13/25 Søknad om støtte frå FAU til Bryne skule talentar

Elevrådet ønskjer støtte frå FAU til premiering av Bryne skule talentar, fredag 6. juni. Dei har tidlegare fått eit Brynegåvekort på 500 kr og ønskjer det same dette året. FAU kan levera dette til Gunn Rita i administrasjonen. Jarl Ove svarer elevrådet v/Vilja Nummedal, Elevrådsleiar ved Bryne skule

Vedtak: FAU støtter dette, Jarl Ove kjøper gåvekort på 500kr og gir til Gunn Rita.

14/25 Klassefaner - innspel frå 4.trinn

Dei same fanene er brukt nå i over 10 år uten å bli endra. Kan elevane laga nye klassefanar til neste år? FAU oppmunttrar skulen til å legge til rette for at elevane kan gjere dette klar til neste år. Kanskje kan dette vere eit prosjekt i kunst og handverk.

fortsetter sak 11/25 17.mai planlegging

- Siste gjennomgang sjekkliste
- Plan for 16.mai
- Få som har sagt at dei stiller på dugnad - me må droppe loddsalet i år.

Eventuelt/Sakar til neste møte

- Innmeldt sak drøftet, ikkje ein sak for FAU.
- Dialog mellom FAU-leiar og rektor om sykkelstien bak stadioen som er blitt bilveg. Rektor tek dette med kommunen. FAU tenkjer det er svært uheldig at skulevegen til mange elevar no er blitt bilveg. Rektor tek saka vidare med kommunen. Time

kommune skriv på facebookside at løysinga ikkje fungerer og at dei kjem til å sjå på andre løysingar.

- 7.trinnfesten - faktura sendes til FAU sitt org.nr - NB! pass på at det ikkje blir sendt til kommunen!
- Sak til neste FAU-møte - org.nummer, e-post og eige disk-område.

Referent: Toril Øgreid